


## MERKNADER ETTER 2. GONGS UTLEGGING – DEL B – Lag og organisasjoner

<b>1</b>	<p><b>Samandrag merknader:</b> Plankonsulent har laga samandrag av innkomne merknader. Alle originalmerknader i fulltekst blir vedlagt, med same nummerering.</p>	<p><b>Plankonsulent si vurdering/kommentar og eventuell tilråding til endring.</b> Merknader som fører til justering av innhald i planen blir kommentert særskilt, konkrete ordlydar i føresegner er markert med <i>kursivskrift</i>.</p>
B01 – 31.10.23 Besteforeldrenes klimaaksjon (BKA) Ålesund og omegn	<p><b>Fra BKA Ålesund og omegn</b></p> <p><b>Gondol på Sula: Prisen blir for høg!</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Det dannast eit bilet av at GP no i revidert utgåve tilfredstillar krav om bevaring av natur, miljø- og klimaomsyn. I Sunnmørsposten 24.10.23 kan ein få inntrykk av at NVE «godkjener» den reviderte RP, men dette er feil da dei primært uttaler seg om skredfare.</li> <li>▪ Naturen er framleis ein salderingspost i møte med økonomiske argument. Dei øydeleggande konsekvensane av utbygging er openbare. Vegetasjonen på Sula og innanfor planområdet har stor variasjon og naturen er nær urørt på fjellplatået. Arealbeslag i fjellhei- og myrområde samt betydeleg auka ferdsel som fører til slitasje og øydelegging av vegetasjon utgjer den største negative påverknaden.</li> <li>▪ KU for naturmangfold og naturressursar viser betydeleg miljøskade for fleire av dei største delområda.</li> </ul> <p><b>Politisk ansvar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Politikarane i kommunen synes å støtte den forretningsmessige offensiven frå FG, i kontrast til klimaforpliktelsene til kommunen. Kommunen står framfor eit skjebnesvangert val som vil skape splid i lokalsamfunnet og føre til følgjekonsekvensar for komande generasjonar m.o.t. økonomi, naturtap og vanskar med utarbeidning av ein klimaplan som held seg innanfor berekraftige rammer.</li> <li>▪ BKA vektlegg primært fråvær av naturinngrep, støy og tidspress i urørt natur. Kommunen skal også utvikle ein</li> </ul>	<p><b>Natur og friluftsliv</b> Etter vår vurdering legger planen opp til fleire attraksjonar og tilbod enn før. Ein kan framleis bruke fjellet aktivt slik ein gjer i dag, men planen vil i tillegg opne fjellet for folk med funksjonsutfordringar eller andre som ikkje får nytta fjellet i dag. Store deler av fjellet er framleis uberørt og open for friluftsliv. Det tradisjonelle friluftslivet blir påverka, og ein del natur vil gå tapt i samband med etableringa. Dette er det gjort greie for i saksdokumenta.</p> <p><b>Fugl</b> Dei mest forstyrrande tiltak i anleggsfasen bør, så langt det lar seg gjere, leggast utanom hekke- og yngleperioden for fugl. Spesielt i områda som er høgt verdisett. Er lagt inn i føresegnerne § 2.12.</p> <p>Krav til avbøtande tiltak er fastsett i føresegner § 3.3.7, når det gjeld kollisjonsfare for fugl.</p> <p><b>Myrområde</b> Nordplan har innhenta fagleg uttale frå Biota AS v/Linn Eilertsen, datert 23.01.2024. Biota AS ble valt som konsulent fordi biolog Linn Eilertsen som var med på opphavleg synfaring og utgreining i 2022 no er tilsett i Biota AS. Notatet drøftar faren for påverknad av myra på grunn av utviding av Vonløypa med om lag 1 m (frå 2,5 til 3,5 m) og eventuelle hydrotekniske eller andre tiltak som kan krevjast i føresegner i RP, som sikring mot påverknad på myra.</p>

	<p>klima-, natur- og miljøpolitikk samt infrastruktur og beredskap til å handtere effektane av klimaendringane. Da gjeld det m.a. å bevare naturmangfold og naturens evne til å ta opp klimagassar gjennom restriktiv arealbruk og restaurering av økosystem.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ GP vil vere eit betydeleg naturinngrep og bryte med den internasjonale naturavtalen som har som mål at min. 30 % av hav og landområde skal vere beskytta innan 2030. Dette er om lag dobbelt så mykje som er verna i dag.</li> <li>▪ La Sulafjellet leve – urørt som i dag!</li> </ul>	<p>For omsyn til atlantisk høgmyr er følgande revideringar gjort i RP:</p> <p><b>Plankart</b>      Øvre ende av regulert veg på Vonløypa blir korta inn med 11 m (grense mellom GAA1 og TV7).      Vegtrase GAA1 frå Bukkane Bruse-brua og opp til kryss mot GAA2 blir justert for å minimalisere terrengeinngrep.      Terrengmur blir føerset for å avgrense skjeringar mot myrområde.</p> <p><b>Føresegner</b>      Føresegn § 3.4.7 under GAA1 og GAA2 inkluderer følgande:      «Der utviding av eksisterande veg i område GAA1 kjem nærmere myrområdet ved Gamlestølen (frå «Bukkane bruse-brua» og oppover), skal det nyttast terrengmur for å redusere skjering i eksisterande terrenget, samt fiberduk bak mur.»      Føresegn § 3.4.3 under pkt. TV7 inkluderer følgande avbøtande tiltak: «Ved legging av infrastruktur i eksisterande veg, skal det leggast minst 2 stikkrenner på tvers av Vonløypa i sørnre del av område TV7. Røra skal plasserast der det er naturleg vass-sig frå terrenget på vestsida av vegen. Formålet er å betre det naturlege tilsiget til myra. Ved flytting av massar for å legge røyr må massar ikkje leggast på myra, men på eigna midlertidig deponi, til dømes på eksisterande veg.»</p> <p><b>Nasjonale og internasjonale mål og retningslinjer</b>      Det er tatt omsyn til mange av dei opplista føringane som går fram av planomtalen pkt.2.1. Det er likevel ikkje til å kome forbi at moment som gjeld inngrep i natur og negativ verknad for friluftsliv står at som hovudkonfliktpunkt. Statsforvaltar skal handtere og vurdere tiltak i strid med nasjonale mål, m.o.t om det kan aksepteraast eller ei.</p>
B02 – 01.11.23 Den Norske Turistforening (DNT) og DNT Sunnmøre	<p><b>Høyningsinnspel 2.gongs høyring RP</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Sulafjellet er det einaste større samanhengande naturområdet i kommunen og nærregionen. Området er eit svært viktig friluftsområde fritt for støy og</li> </ul>	<p><b>Regionale, nasjonale og internasjonale mål og retningslinjer</b>      Det er korrekt at Sulafjellet har eit større inngrepsfritt naturområde, og at gamle Ålesund kommune i mindre grad har slike område – dersom det er dette som er rekna som nærregionen. Ser vi regionen i eit vidare perspektiv er det</p>

	<p>menneskelege forstyrringar og med verdifulle naturtypar. Sulafjellet er utpekt som 1 av 18 inngrepssfrie naturområde i fylkesplanen for inngrepssfrie naturområde i Møre og Romsdal, og bør ut frå regionale og nasjonale omsyn skjermast mot inngrep.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Til tross for reduserte inngrep frå førre RP er det framleis massive inngrep i eit unikt og verdifullt naturområde. Vi meiner RP framleis vil øydelegge kvalitetane for det tradisjonelle friluftslivet ved at moglegheita til å oppleve samanhengande og urørt natur forsvinne samt at RP strid med nasjonale og regionale føringar om å ivareta viktige friluftsområde, naturmangfald og inngrepssfrie naturområde.</li> <li>▪ Store inngrep, auka ferdsel i fjellet og anleggets synlegheit i landskapet gjer at det meste av fjellet vert råka. Dei planlagde tiltaka vil kunne sjåast frå dei fleste områda av fjellet og føre til vesentlege karakterendringar.</li> <li>▪ Norge har forplikta seg til å stanse tap av natur gjennom naturavtalen, og vi meiner ein slik nedbygging av naturområde til reint fornøyelsesføremål ikkje kan forsvara. DNT rår frå å gå vidare med RP, og oppfordrar til bevaring av Sulafjellet som eit urørt naturområde.</li> </ul> <p><b>DNT si vurdering av RP</b></p> <p>Innspela er konsentrert til det som råkar natur- og friluftsområda i Sulafjellet. Viser også til førre høyringssvar til RP og innspel til planoppstart.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ RP har redusert planområdet og gjort grep for å redusere inngrepa i fjellet, noko som er positivt. Likevel opprettheld vi vår anmodning om å ikkje gå vidare med GP da inngrepa framleis er omfattande med svært mange negative konsekvensar for natur- og friluftsliv, og i strid med regionale og nasjonale føringar.</li> <li>▪ Det kjem fram frå KU at anlegget vil vere synleg frå dei fleste deler av fjellet. Dei visuelle effektane av tiltaket vil</li> </ul>	<p>registrert større område både i Hareid og på sørsida av Vartdalsfjorden.</p>  <p>Vi vurderer det slik at store deler av Sulafjellet, og spesielt i vest, framleis vil ha god tilgang til urørt natur. Synlegheita av gondolen vil avta betydeleg til lenger vest ein kjem.</p> <p>Det er tatt omsyn til mange av dei opplista føringane som går fram av planomtalen pkt.2.1. Det er likevel ikkje til å kome forbi at moment som gjeld inngrep i natur og negativ verknad for friluftsliv står at som hovudkonfliktpunkt. Statsforvaltar skal handtere og vurdere tiltak i strid med nasjonale mål, m.o.t om det kan aksepterast eller ei.</p> <p><b>Natur og friluftsliv</b></p> <p>Etter vår vurdering legger planen opp til fleire attraksjonar og tilbod enn før. Ein kan framleis bruke fjellet aktivt slik ein gjer i dag, men planen vil i tillegg opne fjellet for folk med funksjonsutsfordringar eller andre som ikkje får nyitta fjellet i dag. Store deler av fjellet er framleis uberoert og open for friluftsliv. Det tradisjonelle friluftslivet blir påverka, og ein del natur vil gå tapt i samband med etableringa. Dette er det gjort greie for i saksdokumenta.</p>
--	--	---

	<p>føre til at det meste av Sulafjellet endrar karakter. KU konkluderer også med stor øydelegging av miljø i fleire naturområde med stor verdi for naturmangfald og middels til stor negativ konsekvens for friluftslivet som følgje av permanente inngrep i nærturterren, markaområde og grønstruktur kartlagd som svært viktige og med stor brukarfrekvens. Visuelle verknadar vil også påverke fleire av delområda negativt og saman med auka ferdsel vil dette gjere området mindre attraktivt for dagens brukarar og tradisjonelt friluftsliv. Sulafjellet er det einaste området i kommunen og den nærmaste regionen der ein kan oppleve større samanhengande naturområde som er relativt urørt. At barn og komande generasjonar mister denne moglegheita, meiner vi i tillegg er ein klar negativ konsekvens.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>▪ FNs naturpanel har fastslått at vi står i ein naturkrise som i stor grad skuldast menneskeleg arealbruk og øydelegging av natur. Gjennom naturavtalen er Norge forplikta til å stanse tap av natur innan 2030 og bidra til reversering av naturtap. Vi meiner derfor at nedbygging av unike og verdifulle naturområde til reint fornøyelsesføremål ikkje kan forsvara og at dei positive ringverknadene ikkje veier opp for dei negative konsekvensane for klima, miljø og friluftsliv.</li><li>▪ Det er også fleire lokale, regionale og nasjonale føringar som talar mot utbygging. Området er sett av til LNFR i kommuneplanens arealdel og verdsett som svært viktig friluftsområde med mange unike naturverdiar. Sulafjellet er eit av få inngrepsfrie friluftsområde i kommunen og regionen og utpekt som 1 av 18 prioriterte inngrepsfrie naturområde i fylkesplanen for inngrepsfrie naturområde, og bør særleg skjerma mot inngrep. Viser til utdrag frå s.11 i fylkesplanen med vidare føringar. I nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, s.26 og 29, har regjeringa også gitt føringar om at naturmangfald og viktige friluftsområde skal sikrast i</li></ul>	
--	--	--

	<p>planlegginga, og at kommunen skal unngå bit for bit nedbygging av desse. Vi meiner det er svært uheldig at RP legg opp til nedbygging av betydelege natur- og friluftsareal, i strid med overordna kommunale og regionale planar.</p>	
B03 – 06.11.23 Naturvernforbundet i Ålesund og omegn	<p><b>Høyringssvar fra Naturvernforbundet i Ålesund og omegn</b></p> <p>GP er ein sak som engasjerer mange. I vårt førre høyringssvar la vi vekt på følgene for natur og friluftsliv, det vil vi også gjere her.</p> <p><b>Natur og friluftsliv</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Vi ser at det er gjort fleire endringar for å redusere skadane på natur og miljø med færre preparerte stiar og fjerning av alpinanlegg med snøproduksjon. Likevel er vi sterkt bekymra for konsekvensane for natur og friluftsliv.</li> <li>▪ Viser til utdrag frå førre høyringssvar ang. raudlista planteartar og naturtyper. Trugselen mot desse artane er ikkje mindre som følgje av redusert tal preparerte stiar.</li> <li>▪ Det er også registrert fleire raudlista fugleartar i området. Desse vil framleis vere skadelidande som følgje av meir trafikk, meir støy og stor fare for kollisjon mellom kablar og fuglar. I tillegg vil anleggsfasen utgjere ein trugsel mot dyre- og fuglelivet, viser til utdrag frå førre høyringssvar.</li> <li>▪ Auka ferdsel på fjellet vil også føre til meir tråkk som vil forringe plantelivet og forstyrre fugl og dyrelivet.</li> </ul> <p><b>Klima</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ I RP står det at dei satsar på bruk av miljøvenlege materialar, noko som er positivt, men det betyr likevel ikkje at dette er eit miljøprosjekt. Auka reiseverksemnd krev auka energiforbruk, noko som igjen er negativt for klimaet, viser til utdrag frå førre høyringssvar.</li> <li>▪ Restaurant på ein fjelltopp er ikkje eit godt klimatiltak da det krev store ressursar med å frakting av varar, avfall og</li> </ul>	Sjå kommentar angående natur og friluftsliv i B01 og B02 ovanfor.

	<p>vatn opp og ned igjen. Dette krev energi som igjen vil føre til auka klimautslepp.</p> <p><b>Alpinanlegg</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Alpinanlegg og snøproduksjon er tatt ut av RP, noko som er positivt, men vi er likevel bekymra for at FG vil ta dette opp igjen om nokre år. Viser til utdrag frå s.84 i plandokumentet. Betyr det at planane om alpinanlegg framleis er aktuelle?</li> </ul> <p><b>Friluftsliv</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Sulafjellet ligg nær tett befolka område og er eit mykje brukt turområde. Ferdsel i urørt natur og ulendt terregn er bra for folkehelsa, trim og mental helse. Dersom GP realiserast vil Sulafjellet vere øydelagd som turområde for alltid da folk går på tur for å vere ute i urørt natur.</li> </ul> <p><b>Avsluttande kommentar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Vi registrerer at det er gjort visse endringar i RP for å minske skadane på natur og friluftsliv. Likevel meiner vi at dette ikkje er nok til å rettferdiggjøre GP. Sulafjellet er eit fantastisk natur- og friluftsområde. Vi kan ikkje la pengeinteresser øydelegge dette. Vi vil oppfordre politikarar i kommunen om å forkaste RP.</li> </ul>	<p><b>Alpinanlegg og snøproduksjon</b></p> <p>Planane for alpinanlegg og snøproduksjon var vurdert i tidlegare planfase, men er ikkje lenger aktuelt.</p>
BO4 – 10.11.23 Vern om Sula (VoS)	<p>Merknaden frå Vern om Sula er eit omfattande dokument på 23 sider. Samandraget her er korta ned. Sjå originalmerknaden vedlagt saka for alle detaljar.</p> <p><b>Høyningsinnspel 2.gongs høyring RP</b></p> <p><b>Oppsummering</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ VoS meiner det framleis er manglar og unøyaktigheiter som må justerast før vidare saksgang. Vidare meiner VoS at saka er ekstraordinær og at handsaming berre etter pbl. medfører ein ikkje-kartlagd auka risiko for kommunen.</li> </ul>	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ VoS ser med stor uro at bekymringar frå innbyggjarane og helsepersonell ikkje er tatt på alvor eller svart ut frå kommunen.</li> <li>▪ Etter 3 år med sakshandsaming har kommunen framleis ikkje sett fram sakleg argumentasjon om kvifor tiltaket er nyttig for kommunen og verdt å utgreie sjølv om den bryt med fleire lokale, kommunale, interkommunale og nasjonale planar og målsettingar.</li> <li>▪ Utgreiingane viser at konsekvensane for natur, miljø, friluftsliv og dei berørte framleis er sterkt negative, permanente og uopprettelege. Vi meiner også at dei evt. positive konsekvensane ikkje kjem i nærheita av å vege opp for dei negative.</li> <li>▪ Utgreiingane viser at opplevinga av å gå i fjellet vil bli permanent og irreversibelt endra. Vi meiner også opplevinga av å bu i Langevåg vil bli permanent endra til ein turistkommune med intern splid om vidare vegval.</li> <li>▪ Konklusjonen vår er at sjølv om utgreiingane så langt viser at planen kan la seg gjennomføre, bør den ikkje det da konsekvensane er for store.</li> </ul> <p><b>Kommentarar til utførte konsekvensutgreiingar</b></p> <p>Naturmangfold</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ KU naturmangfold har no vekting av områda ved samla konsekvens og vårt innspel rundt dette er no svart ut.</li> <li>▪ Delområde 8 ser ut til å ha vurderingar på manglande informasjonsgrunnlag. Viser til utdrag frå avisinnlegg i Sulaposten 24.08.23 «En gondol til glede og besvær» der tiltakshavar har informert om vidareført opplegg for frikjøring og skiløyper sjølv om alpinanlegget er fjerna. I rapporten bekreftast det at denne informasjonen ikkje er tatt med i KU. Rapporten er derfor mangelfull og kan potensielt medføre ein feilaktig KU.</li> </ul> <p>Naturressursar</p>	
	<p><b>Naturmangfold</b></p> <p><u>Frikøyring og skiløypar</u> Reguleringsplanen opnar ikkje for etablering av preparerte løyper for frikjøring og/eller turskibrukarar.</p> <p><b>Naturressursar</b></p>	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>■ Vi kan ikke sjå at det er gjort justerte vurderinger for naturressursar eller at vårt innspel til førre høyring er svart ut. KU er mangelfulle og manglar spesifikt innhenting av informasjon om arbeidet som Sula Jakt og Fiskarforeining (SJFF) har lagt ned og korleis tiltaket vil påverke dette. Viser til høyringssvar frå SJFF for vidare informasjon.</li> <li>■ KU for påverknad på utmark bør justerast til forringa m.o.t. påverknaden for sauedrift på fjellet. Det manglar også informasjon om korleis evt. opphør av beite vil påverke området.</li> <li>■ Viser til utdrag frå føreseggnene til RP s.7. Dette er eit misvisande krav da dagens situasjon er fribeite utan inngjerding og kravet vil dermed aldri bli utløyst. Auka trafikk vil gjere sauehold på fjellet meir utfordrande da sauene vil følgje folk ned frå fjellet. Føreseggnene bør ha krav om korleis minimere denne ulempa for sauebonden.</li> </ul> <p><b>Naturmangfold fugl</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Fuglerapporten, s.10-11, skildrar at justeringa er gjort på bakgrunn av at skiløyper er fjerna. Dette stemmer ikkje med uttale i Sulaposten 24.08.23 om at skiløyper framleis vil bli etablert. Vi meiner rapporten bør reviderast.</li> <li>■ Den oppdaterte KU-en er gjort på bakgrunn av e-postar i stikkordsform og utgreier har ikkje fått justerte planar og dokumenter (s.15). Vi meiner dette bør vurderast på nytt.</li> <li>■ Rapporten stadfestar at det ikkje er henta inn lokalkunnskap om området og at informasjon kan vere oversett. Vi ber om at det leggast til under punkt 3.3.7 i føreseggnene at lokalkunnskap frå Sula Jakt og Fiskarforeining skal innhentast i samband med avbøtande tiltak.</li> </ul>	<p><b>SJF sitt arbeid</b> SJF har uttalt seg til planforslaget. Jakt kan fortsette som før, men ein må ta meir omsyn enn før pga. fleire turgåurar. Leirduebane og klekkeri i Vasset frilufts- og idrettspark blir ikkje berørt av planforslaget.</p> <p><b>Sauehold</b> Sauobeiting vil halde fram som før, og det er sett krav til gjerdehald m.m. i føreseggnene § 2.13 , i dialog med matprodusent.</p> <p><b>Naturmangfold fugl</b></p> <p><b>Fuglerapport</b> Rapporten er utført i samsvar med gjeldande regelverk og av fagperson.</p> <p><b>Lokalkunnskap</b> Innhenting av kunnskap frå SJF, kan vere nyttig og blir lagt inn i føreseggnene § 3.3.7 – NB tilføye i føresegn</p> <p><b>Kulturminne</b></p>
	Kulturminne	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Planomtalen s.109 inkluderer no dokumentasjon av utgreiing for kulturminne og argumentasjon for konsekvens. Vårt førre innspel om dette er no svart ut.</li> <li>▪ Vi ser at den tenkte utvidinga av Vonløypa har potensiale for å kome i konflikt med Devoldrenna. Vi ber om dokumentasjon på korleis dette er tenkt utført for å unngå konflikt og skade på kulturminne, og at det leggast ved føresegne under pkt. 4.4.5.</li> </ul> <p><b>Ringverknader</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Vurderingar for ringverknader er ikkje oppdatert. Rapporten frå Menon baserer seg på opphavleg planforslag og eit fjerna alpinanlegg. Vi påpeker igjen at denne analysen er primært laga på tal frå FG utan vidare validering, konkretisering eller talfesting. Prosjektleiar har i etterkant også uttalt seg i avisar med heilt andre tal og berekningar.</li> <li>▪ Analysen frå Menon kan ikkje erstatte ein samfunnsøkonomisk analyse. Utgreiingar gjort av kommunen i andre relevante sakar viser at det med stort sannsyn ikkje vil vere mogleg å oppnå estimerte potensielle inntekter til kommunen i form av arbeidsplassar. Vi antar kommunen sine eigne utrekningar er meir truverdige. Dette bekreftar vår påstand frå førre høyingsrunde om at det er grunn til å tvile på analysen utført av Menon.</li> <li>▪ Det manglar informasjon frå kommunen som kan validere analysen som t.d. om estimerte tal arbeidsplassar vil ha ein signifikant påverknad på kommuneøkonomien. Altså – er det belegg for at kommunen vil få auka skatteinntektar på gondolen? Er det berekna ein evt. auka kostnad for kommunen for å legge til rette for gondolen? Er det berekna kostnadene for behov for opprusting av veg opp til Vasskummen eller ekspropriering av grunn for å bygge fortau i Molværabrauta? Kva skjult økonomiske kostnadene kan GP medføre kommunen i framtida? Det mangla rein</li> </ul>	<p>Føresegn § 4.7.2 med tilhøyrande omsynssone i plankartet sikrar at det ikkje er tillaten med inngrep i Devoldrenna, med unntak av tiltak for tilbakeføring til opprinnelig tilstand. Før det vert teke standpunkt til søknadspliktige tiltak, skal det sendast til regional kulturmiljømynde til fråsegn.</p> <p><b>Ringverknader</b></p> <p>Analysen svarer ut utgreiingskravet i planprogrammet. Det var ikkje krav om samfunnsøkonomisk analyse. Rapporten er elles utført ihht. prosedyre for denne typen utgreiingar.</p>
--	---	---


	<p>samfunnsøkonomisk analyse, og vi ber om at kommunen sjølv utarbeider ein ringverknadsanalyse.</p> <p><b>Friluftsliv</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Vi kan ikkje sjå at det er gjort greie for kvifor KU framleis bruker omgrepa tradisjonell vs. moderne friluftsliv (s.48). Statsforvaltaren har påpekt at det ikkje finnast ein slik definisjon av friluftsliv, og vi meiner RP må bruke dei kjende definisjonane av friluftsliv og ikkje lage eigne.</li> <li>▪ Vi meiner det er grunn for å kvalitetssikre KU av friluftsliv. Som også påpekt i KU (s.48) er vurderingane skjønnsmessige og har usikkerheit knytt opp mot dette.</li> <li>▪ VoS har laga ein justert vurdering der vurderingane er vurdert opp mot usikkerheitsmoment samt kryss-sjekka opp mot krav i føresegnene og høyringssvar frå relevante brukargruppar, sjå tabell i B04 s.4-7. Rettleiar frå Miljødirektoratet er nytt. Den samla konsekvensgraden bør settast til stor negativ.</li> </ul> <p><b>Landskap</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ KU er framleis ikkje vekta, så påverknad på områder i stor avstand frå gondolen er vekta likt som påverknaden på områder rett ved gondolen. Denne må oppdaterast med vektning.</li> <li>▪ KU av særskild delområdet «busetnaden» er framleis for låg. Det er dokument at delområdet vil få store negative konsekvensar.</li> <li>▪ I svaret til vårt innspel til planprogrammet ble det avklart at rydding av skog skulle visualiserast. Dette er igjen påpekt i førre høyringsrunde, men er framleis ikkje utført. Vi ber igjen om dette, for begge dei to skogsområda som GT går gjennom (sjå B04 s.8 for plassering).</li> <li>▪ I brannteknisk notat og føresegnene står det at skogen må haldast nede. Kva betyr «å haldast nede»? Fjerning av all vegetasjon? Ein visualisering ville avklart dette.</li> </ul>	<p><b>Friluftsliv</b></p> <p>Vi viser til M1941 når det gjeld bruken av omgrep traditionelt friluftsliv. Moderne friluftsliv er brukt som ei forklaring på nye former for friluftsaktivitetar.</p> <p>M.o.t sum konsekvensar viser vi til kommentar under statsforvaltar.</p> <p><b>Landskap</b></p> <p>Det er fastsett influensområde og planområdet er inndelt i delområde som har fått verdivurdering i tråd med M1941.</p> <p>Pga. heving av master er det svært lite skog som må fjernast. Mast ved Harhaugen har ei høgde på ca. 29 meter frå botn gondol, i område frå Harhaugen og til mellomstasjonen er det lite og forholdsvis lågvekst skog.</p>
--	---	--

- I føresegne står det at restaurantområde må vere inngjerd. Vi ber om visualisering av inngjerdinga som er tenkt da vi ikkje kan sjå nokon skildring eller visualisering. Dette er heller ikkje inkludert i informasjonsgrunnlaget til dei ulike KU-ane.

#### Barn og unges interesser

- Pkt. 7.5.5. er ikkje oppdatert m.o.t. alpinanlegg og fritidsaktivitetar på fjellet. Ber om ny revidering.
- Kommentarane frå førre høyningsrunde oppretthaldast da vi ikkje kan sjå at dette er svart ut bortsett frå ein henvendelse til barnehagar om hvorvidt dei brukar friarealet der mast 5 skal stå. Dette området er beitemark. Barnehagane brukar derimot Harhaugen og Vonløypa mykje. Knivstikkeren/Nellyråsa er mykje brukt av alle.
- Det er ikkje vurdert i kor stor grad utvidinga av Molværabrauta vil redusere leikearealet i tilknyting til dette, viser til plassering i utkliipp i BO4 s.9.
- Vi kan ikkje sjå at det er lagt ved eiga KU som viser korleis konsekvensane er vurdert og korleis representantar for barn og unge er involvert. Det er ikkje gjort kunnskapsinnhenting om dagens situasjon i Langevåg. Barnehagane bruker fjellet som leikeplass, turplass og øving på å gå i ulendt terren. Tiltaket vil forringe dette.
- Det er ikkje nemnt at leikeplassen ved Molværabrauta kan bli forringa av tungtransport over fleire år og vedvarande auka trafikk etter utbygging. Dette ville vore openbart dersom dei relevante brukargruppene vart involvert.
- Å konkludere med positiv konsekvens for barn og unge m.o.t. tilrettelegging av parkområde og leikeplass knytt til DF (planomtalen s.150) er å ignorere det viktige arbeidet kommunen legg til rette for som del av den kommunale styringa og tilboda. Det er også misvisande da leikeplassen vil bli etablert som del av vanlege krav om tilgang til leikeplassar i samband med utbygging av bustadar, uavhengig av gondolutbygging.

6
31,99
0
10S
10S



Visualisering av gjerde rundt toppstasjon er ikkje utarbeida, men det er aktuelt med transparent materiale som gir eit avgdempa visuelt inntrykk. Type lammenetting eller liknande. Jf. biletet under.



	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Viser til definisjonen av berekraft. Vi stiller spørsmål ved om KU ang. barn og unge er vurdert opp mot dette.</li> <li>▪ Viser til pbl. §§ 1-1 og 5-1, Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging, rettleiar om barn og unge i plan og byggesak og kommunelova § 5-12 som viser til føringer og krav for barn og unges medverknad. Vi kan framleis ikkje sjå korleis omsynet til barn og unges medverknad og interesser er ivaretaken i planarbeidet. Vi kan ikkje sjå at Sula ungdomsråd er registrert som høyringspart eller har vore inkludert aktivt i planarbeidet. Dette gjeld også fritidsklubar, barnehagar, frivillige organisasjoner, velforeiningar og alle som hold til nær fjellet og brukar det aktivt.</li> </ul> <p><b>Kommentarar til nye utgreiingar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Rev. RP har no støyutgreiing, skuggekastutgreiing og utgreiing for eigedomar ved gondolbana. Planomtalen skildrar utgreiingane stykkevis og delt, og det er vanskeleg å få eit heilskapleg inntrykk av kva husstand vart påverka.</li> <li>▪ Vedtaket frå Kommunestyret i sak K-065/22 krev ei kunnskapsbasert kartlegging av kva ulemper som blir påført kven og i kva grad. Dette betyr at ein må belyse alle ulemper, uansett om ein tenker det ligg innanfor kva som er akseptabelt eller ikkje. Hensikten er å vise korleis normalsituasjonen endrast. Slik dokumentasjonen no føreligg er det vanskeleg å vurdere om dette er svart ut. Det er behov for ein oppsummerande oversikt, per hus, som viser alt i eitt. Det bør lagast ein oversikt per hus som viser forventa ulemper og tilbod om kompensasjon. I tillegg må det vere ein oversikt over status for omforeinte løysingar for kvar husstand – er forhandlingar i gang? Er avtalar inngått? Det er også behov for illustrasjon frå simulatoren som viser korleis mastene vil sjå ut frå stuevindaugen og utepllassen til kvart hus, særskild den største masta.</li> </ul>	<p><b>Barn og unges interesser</b></p> <p><u>Pkt. 7.5.5</u> Pkt. 7.5.5 vil bli retta opp.</p> <p><u>Konsekvensar for barn og unge knytt til Molværsbrauta</u> Dette blir oppdatert i planomtalen. Utbyggar bygger fortau langs Molværsbrauta samstundes som utbygginga startar. Dette kjem inn som rekkefølgjekrav. Det er krav om anleggsplan før oppstart av tiltak, jf. føresegner § 5.5. Planen skal dokumentere tiltak som sikring av omgjevnaden mot støy og andre ulemper i bygge- og anleggsfasen. Planen skal gjere greie for trafikkavvikling, massetransport, driftstid, trafikktryggleik for gåande og syklande, reinhald, støydemping og støyforhold. M.o.t. driftsfasen er det vurdert som lite truleg at det blir trafikkauke opp til Vasskummen som følgje av gondolen.</p> <p><u>Leikeplassen på Bjørkhaugen</u> Som vist på utkippet under vil ikkje utviding av Molværsbrauta og etablering av fortau påverke eksisterande leikeplass i nemneverdig grad.</p> 
--	---	---

	<p><b>Berørte</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ FG har vore tydeleg på at berørte ikkje skal vere økonomisk skadelidande av GP, og det er naturleg å forvente at dei forhald seg til ekspropriasjonerstatningslova. Dette må spesifiserast. Vi ser også at det ikkje er hold i løftet da dei berørte allereie har brukt ein halv million i advokatkostnader', der FG berre har dekka 150 000 og nектar å dekke meir. Det er derfor viktig at vi får dokumentert korleis forhandlingane og erstatninga skal foregå.</li> <li>▪ Nordplan bruker 60 m frå midtlinja for å bestemme kva eidegar som er berørte. Vi kan ikkje sjå kvifor 60 m er valt, og ber om dokumentasjon på dette. Basert på kunnskap frå andre gondolprosjekt og skuggekastanalysen er det meir naturleg å ta utgangspunkt i 120 m frå midtlinje. Dette var også omdiskutert og avtalt i dialogmøtet i januar i år.</li> </ul> <p><b>Støy</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Viser til retningsline T-1442/2016. Støy må utgreiaast og forklarast ytterlegare for bustadar og uteområde i influens- og planområdet. KU må ta omsyn til støy i anleggs- og driftsfase.</li> <li>▪ Støyvurderinga må også ta omsyn til at gondolen med toppstasjon er lagt til frilufts- og naturområde i fjellet. Viser til utdrag frå retningslinje T-1442 og avsnitt 3.5.2.</li> <li>▪ I planomtalen står det at det bør vurderast om hastigheita skal senkast frå 6 til 5 m/s kveld og natt. I føresegndene er det berre tatt inn krav om redusert fart til maks 5 m/s etter 23.00, dvs. berre natt. Det står heller ikkje kor lenge det skal gjelde. Det må i det minste spesifiserast ein tidsperiode, som t.d. frå kl. 23.00-07.00.</li> </ul>	<p><b>Berekraft og friområde</b></p> <p>M.o.t «bererkraft» vil ikkje friområde eller leikeareal gå tapt som følgje av planforslaget. Friområde Molværsbrauta blir i all hovudsak oppretthaldast som i dag. Gondolbanen vil gå 67 m over friområdet. Dette er såpass høgt at den ikkje vil ha noko betydning for bruken under gondolbanen. Det er elles ingen fare for nedfall av grease eller is. Sjå elles «Tilbakemelding etter synfaring – friområde» frå Statsforvaltaren, av 25.03.24.</p> <p><b>Medverknad</b></p> <p>Barnrepresentanten har vore inkludert i planprosessen. I tillegg har ein vore i kontakt med skole og barnehagar i området.</p> <p><b>Kommentarar til nye utgreiingar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ingen bustadar er utsett for støy over grenseverdi i støyretningslinene.</li> <li>- Skuggekast gjennomsnitt 10 min pr. dag.</li> <li>- Ingen bygg i brannfaresone.</li> <li>- Liten grad av innsyn pga. frosta nedre del av gondolar og stor høgde over husa.</li> <li>- Utsikt for bustadar blir lite påverka.</li> <li>- Lågt sannsyn for nedfall av is o.a. Tiltak blir iverksett ved ev. behov.</li> <li>- Gondolen medfører ingen restriksjoner m.o.t påbygg/tilbygg.</li> </ul> <p>Oppsummerande oversikt pr hus går fram av Nordplan sin rapport: Eidegar ved gondolbana, datert 30.06.23, og er elles i stor grad utført i dei ulike delrapportane (støy, vindkast).</p> <p><b>Definering av berørte</b></p> <p>«Berørte partar» er definert som hjemmelshavere til grunneidegar som heilt eller delvis har bygg og/eller areal innanfor omsynssona på 20 meter frå kvar side av gondolens midtlinje – «40 meters beltet», jf. Taubanelovens § 26. For å ha ein viss justeringsmøglegheit i detaljprosjetkeringa av</p>
--	--	---

	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Viser til utklipp frå T-1442 om lokalisering av nye støykjelde og verdifulle stille område. Det må utgreiast om tiltaket er foreinleg med dette.</li> <li>▪ Aero-akustiske tema er framleis ikkje vurdert. Dette er eit høgaktuelt tema som må utgreiast. Dette ble også kommentert ved førre høyring og er ikkje svart ut.</li> <li>▪ Maskineriet for gondolen ligg i mellomstasjonen. Dette er den mest støyande delen av gondolen og vil medføre støy i eit stille område der lyden reflekterast mot fjellet og ned mot sentrum. Andre alternative løysingar for plassering av maskineriet må utgreiast.</li> <li>▪ Detaljane i føresegnene om støy samsvarar ikkje med planomtalen, og må oppdaterast.</li> </ul> <p><b>Skuggekast</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Totalbereking per år og gjennomsnitt per dag gir ikkje eit reelt inntrykk av korleis dette vil opplevast av folk i og nær GT. Skuggekastprofilar er berre utarbeida for 4 bustadar, og må utarbeidast for alle bustadene påverka av skuggekast over NVE sine grenseverdiar.</li> <li>▪ Det er to kategoriar for grenseverdi for skuggekast for vindturbinar; verst-tenkelege og realistisk scenario. Tabellane med dei ulike kategoriene er ulikt satt opp og gjer det vanskeleg å sjå endringa for kvart hus når man går frå verst-tenkeleg til realistisk scenario. Det bør settast opp ein tabell som samanfattar funna. Utgreiingane for verst tenkeleg scenario er også basert på 35 gondolar, mens banen er dimensjonert for 43. Verste scenario blir dermed feil.</li> <li>▪ Utgreiingane har ikkje definert anna enn bygningar som skuggekastmottakarar. Det står i definisjonen at ein kan trekke inn ulike kategoriar etter skjønn. Vi meiner turstiane på fjellet bør inkluderast som skuggekastmottakar og at analysen også må gjerast for den av fjellet som ikkje vart analysert (sjå fig.6 s.11).</li> </ul>	<p>gondolbanen er «40 meters beltet» i realitetten utvida til 45 meter (22,5 meter frå kvar side av midtlinja).</p> <p>Avstand på 60 meter var eit innspele frå grunneigarar, og avstanden er vesentleg større enn taubanelova som fastsett 40 meter. Vurderinga baserer seg på kven som blir berørt basert på kriterier som støy, innsyn, utsikt, skyggekast. Føreliggande fagrapporatar innan støy, brann og skuggekast konkluderer med at ingen av eigedomane utanfor omsynssona blir påført ulemper eller skadar som følgje av tiltaket. Når det gjeld innsyn liggger ingen av eigedomane nærmere enn 50 meter målt som skråavstand mellom gondolvindaue og bygningsfasade (vindaue) som tidlegare har vore nytta som akseptabel minsteavstand i Norden (Göteborg og Oslo). Tiltakshavar har imidlertid tidleg i prosessen gitt uttrykk for følgande som oppretthaldast:</p> <p>«For boliger utenfor «40-meters beltet» som åpenbart blir påvirket av gondolbanen med hensyn til innkikk o.l. vil vi på individuelt grunnlag og utover lovens bestemmelser se på mulige avbøtende tiltak i samarbeid med grunneier.».</p> <p>Det leggast til grunn at ein slik vurdering vil finne sted i løpet av gondolbanens første, ordinære driftsår.</p> <p><u>Oreigning og økonomisk erstatning</u></p> <p>Økonomisk erstatning har vore tema både i plandokument, møte og kommunale vedtak. Erstatning og innløysing er heimla i plan- og bygningslova sine paragrafar 15 (Innløysing og erstatning) og 16 (Ekspropriasjon) som gir rammene for erstatning. Begge paragrafane har utgangspunkt i ein vedteken reguleringsplan. Nivå på erstatning/ innløysing blir avgjort i ekspropriasjonen dersom ein ikkje blir samd om frivillige avtalar. Kostnadane ved ekspropriasjonssak blir avklart mellom utbyggjar og kommunen.</p> <p>For bebygde eigedomar er det gitt tilbod om innløysing til 120% av marknadsverdi, alternativt 20% av marknadsverdi i kontant vederlag, alternativt privatrettsleg skjønn med</p>
--	--	--

	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Det er uklart om analysen berre har tatt for seg skuggen frå gondolvognane eller om skuggen frå den 70 m høge masten også er med. Dette må avklarast.</li> <li>▪ Samanlikninga med saka i Tyskland manglar kontekst da dette er ein turistkommune i alpane som gjaldt oppgradering av eksisterande gondolbane, og kan ikkje samanliknast med Langevåg. Slik saka er framstilt får ein inntrykk av at tysk rett aksepterer grenseverdiar 10 gonger større for gondol enn vindturbinar, men dette stemmer ikkje. Det finnast ingen grenseverdiar for gondolskugge.</li> <li>▪ Det er forskjell mellom skuggekast frå gondol og vindturbin. Vindturbinar gir ein flakkande skugge, mens gondolar gir ein meir glidande skugge. Skuggekast medfører likevel ubehag som blokkering av sol, påminning om observasjon frå turistane og gjer det i praksis umogleg å sitte ute og nyte sola.</li> <li>▪ Det er påstått at skuggen frå gondolane vil vere beskjeden pga. gjennomsiktig glas. Likevel vil tal gondolar justerast etter tal passasjerar og dermed bety at dei fleste vognene vil ha passasjerar i seg og gi ein solid skugge mesteparten av tida.</li> <li>▪ Konklusjonen seier ein kan forvente opp til 54 t skuggekast frå gondolen i snitt, noko som er langt over grenseverdien på 8 t for ein vindturbin. Argumenta med gjennomsiktige gondolar og at skuggane ikkje er flakkande er ikkje sterke nok til å forsvare ein auke på om lag 700 % av grenseverdien og ubehag for innbyggjarane i skuggeområdet. Det ville vore uakzeptabelt hadde vi snakka om vindturbinar.</li> <li>▪ I beste fall kan argumenta ovanfor brukast for å oppjustere grenseverdiane litt, men å lande på «ikkje-sjenerande» er ein ekstrem konklusjon på svakt grunnlag.</li> </ul> <p>Eigedomar ved gondolbanen: Utsikt</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Masta på opptil 70 m vil bli eit godt synleg element i Langevåg. Det er vanskeleg å sjå for seg slike dimensjonar,</li> </ul>	<p>angrefrist 18 månader etter at gondolbanen er sett i ordinær drift. I tillegg har tiltakshavar med gitte begrensingar dekket hjemmelhavernes kostnader til advokatbistand. For ubebygde eigedomar (friområde, utmark, LNF) er det gitt tilbod om eit eingongsvederlag på 2,50 kr – 5,00 kr per. m<sup>2</sup> for areal som blir liggande innanfor omsynssonane. I tillegg er det gitt tilbod om kr. 2 500 – kr. 5000 pr. mastepunkt i traseen.</p> <p>For samtlege tilbod gjeld ein akseptfrist på 60 dagar etter vedteken reguleringsplan. Nokre bustadeigarar og hjemmelshavere til ubebygde eigedomar har akseptert tilboden, men dei fleste vil avvente sluthandsaming av reguleringsplanforslaget før dei ønsker å gå inn i reelle forhandlingar med tiltakshavar.</p> <p><b>Støy</b></p> <p>Støyutgreiinga er gjort i henhold til gjeldande regelverk. Jf. utgreiing utarbeidd av Norconsult, dagsett 30.06.23. Vurderinga tek utgangspunkt i endringar i støy frå vegtrafikk, støy frå gondolbanen (stasjonar og master), zip-line og tilhøyrande aktivitetar mot gjeldande regelverk og er visualisert med støysonekart. Tiltak mot støy under «Tiltak» i pkt. 7.5.2 i planomtalen samsvarar med § 2.8 i føresegne der det også spesifiserast at hastigkeit på bana skal senkast til maks 5 m/s ved drift av gondolbane etter kl 23:00. Det er også sett krav til støy i føresegne § 4.2.</p> <p><b>Skuggekast</b></p> <p>Viser til skuggekastutgreiing, utarbeidd av Multiconsult, dagsett 16.05.23, og vurderingane og konklusjonane gitt der. Det er ingen retningsliner nasjonalt eller internasjonalt når det gjem til skuggekast frå gondolbane. Norconsult har derfor nytta retningsline for skuggekast frå vindturbinar. Dette er derfor best mogleg kunnskapsgrunnlag pr. dato. Det kan vere ulike tal gondolar som kan gå. Maks. talet er 42. Det er planlagt 35 ved oppstart.</p>
--	---	--

	<p>og vi ber om at fleire bilete frå simulatoren leggast ved planomtalen slik at ein kan sjå det frå fleire hold. Vi foreslår at ein tar bilete frå bakkeperspektiv frå alle retningar (nord, sør, aust, vest) og frå holmane/Langevågsbåten, som eit minimum.</p> <p><b>Eigedomar ved gondolbanen: Tryggleik og nedfall</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ I Nordplan sine svar på merknadar frå førre høyring skriv dei at dei legg opp til tryggleiksutstyr utover pålagde krav, med døme på slikt utstyr. Vi kan ikkje sjå at dette er lagd inn i føresegnehene. Det må spesifiserast kva tryggleikstiltak ein vil forplikte seg til.</li> <li>▪ Det er lite tillitsvekkande at det står så lite om risiko for ulukker i planomtalen. Ulukker kan skje, og det har vore fleire alvorlege ulukker dei siste åra. Viser til liste over ulukker. Gondolane her gikk ikkje over bustadar, og ville hatt enda større konsekvensar dersom dei gjorde det. Å bu i nærleik til gondolen vil medføre uro og bekymring samt tap av eigedomsverdi.</li> <li>▪ Planomtalen s.139 seier nedfall ikkje vil vere eit problem, og at det berre var eit problem dei første 2,5 åra gondolen var i drift. Innbyggjarane i Voss seier nedfall i form av grease og is framleis er eit problem. Å la wiren gå i sakte fart for å forhindre is vil ikkje forhindre is på mastane. Planomtalen tar ikkje for seg denne problematikken og faren for å få ein isklump i hovudet.</li> </ul> <p><b>Eigedomar ved gondolbanen: Innsyn</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Planomtalen s.138 viser til at det ikkje er regelverk som fastsett akseptabel avstand mellom gondolvindauge og vindauge i private bustadar/uteplassar. Det visast til eit prosjekt i Göteborg der ein avstand på 40-50 m blei brukt, og 40 m er derfor lagt til grunn. Vi meiner vurderinga er mangfull og at akseptabel avstand bør vere høgare fordi Göteborg er ein storby, 40 m var den <i>minste</i> akseptable avstanden, bana var her tenkt til offentleg transport,</li> </ul>	<p><b>Eigedomar ved gondolbanen: Utsikt</b> Masta vil bli synleg og planomtalen har fleire illustrasjoner som viser dette frå ulike stadar. Dimensjonane går tydleg fram.</p> <p><b>Eigedomar ved gondolbanen: Tryggleik og nedfall</b></p> <p><b>Tryggleikstiltak</b> Krav til tiltak blir fastsett i driftsløyve. Det er Statens jernbanetilsyn som gir løyve til taubanedrift, og dei har også tilsynsmynde.</p> <p><b>Gondolulykker</b> Registrerte gondolulykker er få, noko som betyr at det er lågt sannsyn for ulukker m.o.t. fall av gondolar, wire, master osv. Tryggleiksavstandane er sett etter taubaneloven, og prosjektering av gondolbane vil utførast etter gjeldande regelverk. Branntekniske vurderinger er også utført i samband med planarbeidet. I føresegnehene § 3.3.7 er det også sett krav om at beredskapsplan/driftsplana skal utarbeidast i nært samarbeid med naudetataane. Det er strenge krav til drift, og kontroll som skal bidra til å unngå ulykker.</p> <p><b>Nedfall</b> I overskjønn til Gulatings lagmannsrett, datert 21.09.21 går det fram at gondolen/taubane på Voss har 9 vogner som kvar tar 30 personar. Kvar vogn kviler på to berekablar og en trekk-kabel, til saman er det 6 kablar i traséen. Av planomtalen s. 22 går det fram at gondolen i Sula er ein monokabel med 1 wire i kvar retning som er både bere- og trekkwire. Det er snakk om maks 42 vogner (truleg 35 ved oppstart) med 10 personar i kvar vogn. Slik skildra på s. 139 i planomtalen er type gondol vesentleg annleis enn den på Voss, der problemet med grease og nedfall også var ein "ekstraordinær" situasjon som ikkje vil gjelde for gondolen i Sula. Lagmannsretten har i sin kjennelse for gondolen/taubane på Voss sagt at ein anser nedfall av snø, is og grease som eit tilbakelagt innkøyningsproblem.</p>
--	--	---

	<p>pendlare oppfører seg ikkje som turistar m.o.t. fotografiar/filming og banen skulle gå sjeldnare enn i Langevåg (46 sek vs 15 sek). Dette talar for at større avstand er påkrevd når tiltaket er eit reiselivsprodukt.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Viser til Ekebergbanen der ein avstand på 70 m ville vere «tilstrekkeleg til å redusere konfliktpotensialet noko» (s.32). 70 m burde brukast som akseptabelt avstand for GP. Viser til tabell som viser korleis tal hus som får gondolbanen nærmare enn akseptabelt endrar seg dersom ein bruker 50 m eller 70 m i staden for 40 m. Dette viser at gondolen har eit høgt konfliktnivå med eksisterande bustadar.</li> <li>▪ Avstanden frå gondolvindauge til stuevindauge er brukt i utredninga, men i Langevåg i motsetnad til Göteborg har husa uteplassar, og målingane bør gjerast frå gondolvindauge til både uteplass og stuevindauge.</li> </ul> <p><b>Tidlegare innspel som ikkje er svart ut</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Fleire tema vi spilte inn til planprogrammet og førre høyring er ikkje svart ut eller utgreia. Vi har revidert disse og tatt med dei som framleis er relevante.</li> </ul> <p><b>Alternativsvurdering</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Planomtalen seier lite om alternative plasseringar for tiltaket jf. krav i KU-forskrifta, og det manglar KU for å vurdere om alternativa kunne vere meir relevante i vurderinga om tiltaket utvilsamt er meir til nytte enn skade. Viser også til samarbeidsavtalen mellom tiltakshavar og kommunen.</li> <li>▪ Alternative plasseringar av topp-, mellom- og botnstadion bør konsekvensutgreiast.</li> <li>▪ Det må utførast ein vurdering av om det er føreslått «relevante og realistiske alternativ» som grunnlag for konsekvensutgreiinga, jf. KU-forskrifta §14.</li> </ul>	<p><b>Eigedomar ved gondolbanen: Innsyn</b></p> <p>Vi registrerer synspunktet, og har ikkje ytterlegare kommentarar enn det som er framført i plandokumenta ved høyring.</p> <p><b>Alternativsvurdering</b></p> <p>Alternativsvurderinga er gjort i en tidleg fase, og gitt i fastsett planprogram. Vi registrerer synspunktet, og har ikkje ytterlegare kommentarar enn det som er framført i plandokumenta ved høyring.</p>
--	--	---

	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ I «samanstilling av dei ulike alternativa for trase», s.85, manglar alternativ B2 og B3 i kartet. Særleg B3 bør synleggjerast.</li> <li>▪ Alternativsvurderingane viser framleis til val av trase basert på alpinanlegg. Vi ber om at teksten og vurderingane justerast.</li> </ul> <p><b>Miljø, natur og klima</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Viser til Grovanalyse Natur og miljøvern – Grovanalyse, Sula kommune 2013, Sulafjellets status som INON-område og Naturavtalen av des. 2022. Viser også til høyringssvaret til NVE (oktober 2018) angåande Nasjonal ramme for Vindkraft og kommunen sine argument på kvifor vindmøller ikkje var ønskeleg på Sulafjellet.</li> <li>▪ Det må vurderast om tiltaket er foreinleg med krava i naturmangfaldlova §§4 og 5. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7, må også vurderast.</li> <li>▪ Kva slags påverknad dei negative konsekvensane kan ha, bør konkretiserast. M.a.o. dersom området ikkje lenger er inngrepsfrei natur – kva slags konsekvens har det lokalt, regionalt og nasjonalt?</li> <li>▪ Det må utgreia kva slags konsekvensar det har for kommunen om dei godkjenner eit tiltak i strid med dei nasjonale miljømåla.</li> <li>▪ Det bør konkretiserast kva som har endra seg frå 2018 til nå som gjer gondolprosjektet meir realiserbart enn vindmøller og kraftlinjer.</li> <li>▪ Det manglar ein analyse av verknader i lys av nasjonale miljømål, ref. rettleiar m1941.</li> </ul> <p><b>Trafikk, infrastruktur og tilkomstveg</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Utgreiingane må gjerast basert på eit kunnskapsgrunnlag som ikkje berre er laga av tiltakshavar.</li> <li>▪ Det må synleggjerast korleis tiltaket vil påverke anna ferdsel på sjøen.</li> </ul>	<p><b>Miljø, natur og klima</b></p> <p>I rapporten om naturmangfald er tiltaket vurdert opp mot krava i naturmangfaldlova.</p> <p>Det er tatt omsyn til mange av dei opplista føringane som går fram av planomtalens pkt.2.1. Det er likevel ikkje til å kome forbi at moment som gjeld inngrep i natur og negativ verknad for friluftsliv, står at som hovudkonfliktpunkt. Statsforvaltar skal handtere og vurdere tiltak i strid med nasjonale mål, m.o.t om det kan aksepteras eller ei.</p> <p><b>Trafikk, infrastruktur og tilkomstveg</b></p> <p>Vi registrerer synspunktet, og har ikkje ytterlegare kommentarar enn det som er framført i plandokumenta ved høyring.</p> <p>Rekkefølgjekrav m.o.t infrastruktur er lagt inn i føresegnene til planen. §§ 5.5. og 5.6.</p>
--	--	---

	<ul style="list-style-type: none"> <li>■ SVV må gjere ein utgreiing av dei trafikale forholda på vegnettet på Sula, med vekt på konsekvensar for trafikkforhold som følge av trafikkauke og evt. behov for oppgradering av vegar.</li> <li>■ Det må utgreiast om tiltaket vil påverke eksisterande pressa trafikk- og parkeringssituasjon, spesielt ved Sandvika, Vasskummen og Grova.</li> <li>■ Behov for rekkefølgekrav knytt til trafikktryggleik, framkomst m.m. må utgreiast.</li> <li>■ Utfordringane med auka trafikk må utgreiast ytterlegare, særskild på fylkesveg som har behov for utbetring.</li> </ul> <p><b>Folkehelse</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Viser til folkehelselova § 4, pbl. § 3-1 bokstav f og kommunens planstrategi pkt. 2.2 og helse- og omsorgsplan. Planlegging skal vere helsefremjande, og m.o.t. dei store negative konsekvensane tiltaket har for friluftsliv er det naturleg å sikre ein utvida og grundig folkehelsekonsekvensutgreiing. Utgreiingane så langt har ikkje diskutert ulike tilnærmingar og bredde i folkehelseperspektivet.</li> <li>■ Det må utførast ein folkehelsekonsekvensutgreiing, med påverknad for berørte og generelt av GP. GP har medført stor belastning på folkehelsa over lengre tid. Langsiktige konsekvensar for helsetilstand i kommunen må utgreiast.</li> <li>■ Viser til det førre høyringssvaret frå kommuneoverleger der dei same problemstillingane blir påpekt. Tiltaket fører allereie til alvorlege konsekvensar i høve sjukdom/sjukemeldingar. Dette er ikkje tatt til følgje.</li> </ul> <p><b>Kommunen sitt ansvar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Viser til kommunens visjon. Konklusjonen frå KU for friluftsliv viser at GP ikkje støttar kommunens visjon. Viser til utdrag frå KU.</li> </ul>	<p><b>Folkehelse</b></p> <p>Den samla verknaden for folkehelse er godt skildra i planomtalen i pkt. 7.5.3.</p> <p>Det er få negative verknader knytt til folkehelse, basert på :</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ingen bustadar er utsett for støy over grenseverdi i støyretningslinene.</li> <li>- Skuggekast gjennomsnitt 10 min pr. dag.</li> <li>- Ingen bygg i brannfaresone.</li> <li>- Liten grad av innsyn pga. frosta nedre del av gondolar og stor høgde over husa.</li> <li>- Utsikt for bustadar blir lite påverka.</li> <li>- Lågt sannsyn for nedfall av is o.a. Tiltak blir iverksett ved ev. behov.</li> <li>- Gondolen medfører ingen restriksjoner m.o.t påbygg/tilbygg.</li> </ul> <p>Den einskildes følelsesmessige oppleving er subjektiv og kan vanskeleg målast.</p>
--	---	---

	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kommunen har eit ansvar for å sikre at saka er så godt utgreia som mogleg og at det er tilstrekkeleg ressursar tilgjengeleg. Administrasjonen har sjølv sagt at de berre har lest overskriftene og skumma innhaldet. Dette er ikkje forsvarleg.</li> <li>▪ Fleire høyringssvar har etterspurt uttale frå kommunen der ein gjer greie for kvifor ein ønsker å gå vidare med planarbeidet når det tydeleg bryt med lokale, kommunale og nasjonale planverk. Administrasjonen og Nordplan har i svært liten grad diskutert dette.</li> <li>▪ Saka er ekstraordinær og krev handsaming utover pbl. Det er svært bekymringsfullt at det framleis ikkje har vore ein sakleg debatt om tiltaket kan vere meir til nytte enn skade.</li> <li>▪ Vonar eit tydeleg og konkret svar frå kommunen med diskusjon kring dei konkrete problemstillingane under.</li> </ul> <p><b>Fond for tilbakeføring av området</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kostnader for demontering og tilbakeføring må utgriast og kalkulerast, og det må settast ein frist for fjerning og restaurering etter endt drift. Viser til taubaneloven § 27 m.a.</li> <li>▪ Tiltakshavar bør påleggast å avsette dei kalkulerte kostnadene i eit «restaureringsfond». Midlane bør vere under offentleg kontroll, sperra mot bruk ifbm. økonomiske problem eller konkurs og justerast årleg etter konsumprisindeksen.</li> <li>▪ Det må være eit vilkår for evt. planvedtak at tiltakshavar garanterer for ryddecostnadene ved avvikling av gondolen. Det må leggast ved ein konkret plan for handtering av midlar for tilbakeføring til opphavleg tilstand ved evt. konkurs e.l.</li> </ul> <p><b>Forretningsplan og realisering</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ For å vurdere GP må det utarbeidast planar som viser inntektsgivande konsept og aktivitetar samt investeringsdrifts- og økonomiske kostnader. Disse skal skildra i ein</li> </ul>	<p>Saka er godt utgreidd, og det er gjennomført mange informasjons-, folkemøte, og politisk møter. I tillegg til kontakt med private grunneigarar, synfaringar og møter med statlege og fylkeskommunale instansar.</p> <p><b>Fond for tilbakeføring av området</b></p> <p>Utbyggjar legg til grunn ei langsiktig drift av gondolanlegget. Vilkår om avsetting av fond for tilbakeføring av området kan ikkje fastsettast i ein reguleringsplan. Jf. Plan- og bygningslova</p> <p><b>Forretningsplan og realisering</b></p> <p>Det er ikkje krav om at forretningsplan skal vere ein del av ein reguleringsplan. Reguleringsplanen avklarar dei fysiske arealtiltaka.</p>
--	---	--

	<p>detaljplan og vil danne basis for ein forretningsplan. Det er enda viktigare å ha denne informasjonen tilgjengeleg no som alle kan investere og bli deleigere i gondolen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Det må vurderast om prosjektet er økonomisk berekraftig på kort og lang sikt, og om masseturisme er realistisk.</li> <li>▪ Det må utarbeidast ein forretningsplan for prosjektet som avgjerdsgrunnlag når kommunen skal ta stilling til om det er økonomisk realistisk. Den bør innehalde ein plan for eigarforhold, driftsorganisering, driftsplan, finansieringsplan og driftsøkonomi/likviditetsbudsjett med årlege utgifter og inntekter.</li> <li>▪ Tiltakshavar må legge fram prosjektets investorar.</li> <li>▪ Ein konkret driftsplan for anlegget må leggast ved. Den bør vise eit samla aktivitetssprogram og ressursane det vil krevje. Slik vil potensielle auka arbeidsplassar, belasting for dei råka og endra bruk av fjellet synleggjera.</li> <li>▪ Potensialet for at negativ omsetning i prosjektet blir brukt for å få gjennom andre endringar i kommunen må vurderast.</li> <li>▪ Det må utgreiaast evt. moglegheiter for å sikre forkjøpsrett til kommunen ved ein evt. konkurs.</li> </ul> <p><b>Kompensasjon</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Metoden som er lagt til grunn for å identifisere aktuelle eigedommar for evt. kompensasjon må grunnast og skildrast.</li> <li>▪ Det må utarbeidast ein plan for tidleg og kontinuerleg involvering av grunneigarar som openbart blir råka (grunneigarar i traseen) i diskusjon om kompensasjon.</li> <li>▪ Det må beskrivast korleis ein skal lage eit rammeverk for kompensasjonsavtalar og korleis ein skal kome til einighet før ein områdeplan blir lagt fram til regulering.</li> </ul> <p><b>Grunnverv</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Framgang for erverv av grunn må gjerast greie for.</li> </ul>	<p>Investeringspotensialet i gondolen er opp til utbyggar å kartlegge, for eksempel gjennom ein forretningsplan som kan leggast fram for aktuelle investorar.</p> <p>Kommunen vil ikkje få ansvar for anlegget ved ein ev. konkurs eller ved problem med sal. I ein evt. konkurssituasjon vil dette bli handsoma gjennom eige regelverk.</p> <p><b>Kompensasjon</b></p> <p>Sjå kommentar under «Definering av berørte» og «Oreigning og økonomisk erstatning».</p> <p><b>Grunnverv</b></p> <p>Sjå kommentar under «Definering av berørte» og «Oreigning og økonomisk erstatning».</p>
--	---	---

	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Det må gjerast greie for om tiltaket oppfyller krav til ekspropriasjon da fleire grunneigarar ikkje vil inngå avtale.</li> <li>▪ Dei berørte føler dei har svært lite informasjon av kva dei kan forvente frå FG m.o.t. utkjøpsprosessen. Ønsker rammer rundt dette, viser til SVV handbok R731 og R730.</li> </ul> <p><b>Medverknad</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Det må innhentast synspunkt og råd frå ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetting. Viser til § pbl. 5-1, rundskriv T-2/08, H-2302 og kommunelova § 5-12.</li> <li>▪ Vi vil understreke viktigheita av at innspel blir vurdert og tatt med vidare i vegvalet. Mange opplev også at det er vanskeleg å forstå kor i prosessen ein er og korleis/når ein kan sende høyringssvar. VoS har gjennomført fleire aktivitetar for å skape tryggleik i prosessen.</li> <li>▪ Det må utarbeidast ein konkret plan for å sikre reell medverknad. Ved t.d. rettleiing og informasjon om planarbeid, lesing og tolking av plandokument og skriving av høyringssvar.</li> </ul> <p><b>Beredskap</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Risiko for personulukker som følge av auka trafikk og uerfarne fjellturistar må utgreiaast. Derunder sannsynet for at nokon går seg vill, blir fjellfaste, utløser/blir teken av skred, overraska av mørket, ikkje rekker siste bane ned m.m., og kva det vil kreve av avbøtande tiltak og evt. redningsoppdrag.</li> <li>▪ Det må utgreiaast om auka trafikk på fjellet i relevante situasjonar kan påverke behovet for beredskap hos organisasjonar som Raude Kross.</li> </ul> <p><b>Faktorar i ein ny pandemisituasjon</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kommunen må utgreie relevante faktorar i handtering av ein ny pandemisituasjon. Vil tiltaket som belagar seg på</li> </ul>	<p>Dokumentasjon/utgreiing etter oreigningslova § 2 andre ledd vil ha betydning dersom det blir oreigning. Utbyggjar legger vekt på å framforhandle frivillige avtaler. Det er elles gjort vurderingar av ringverknadar for kommunen i den vedlagte Menonrapporten, dagsett 26.01.22.</p> <p><b>Medverknad</b></p> <p>Kommunen og plankonsulent har etter beste evne svart ut merknader så langt det er mogleg, og alle er tatt på alvor. Det er lagt stor vekt på å informere og møte folk for å få fram synspunkt og bekymringar. Utbyggjar, plankonsulent og kommunen har lagt til rette og invitert til folkemøte, kontordagar, visualiseringsprosessar mm.</p> <p><b>Beredskap</b></p> <p>Det vil bli utarbeida ein beredskapsplan som omhandlar handtering av situasjonar med därleg ver eller liknande. Utover dette er det den einskildes ansvar å ivareta eigen tryggleik.</p> <p><b>Faktorar i ein ny pandemisituasjon</b></p> <p>Dette er tema som ligg utanfor det ein reguleringsplan skal omfatte. Som før nemnt er det omfang og vilkår for arealbruken planen skal fastsette.</p>
--	---	---

	<p>masseturisme medføre ein risiko for auka belasting på lokale tenester ved ei evt. ny pandemi?</p> <p>Konsekvensar for eksisterande næringsliv og aktivitetar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Det må utgreiast om ein prosjektrealisering kan fortrenge eksisterande næringsliv og sentrumsliv/aktivitetar.</li> </ul> <p>Gondolbane og reiseliv</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Konsekvensane for kommunen dersom ein går inn i tyngre reiselivsnæring utan heilskapleg og berekraftig reiselivsstrategi til grunn må utgreiast.</li> </ul>	<p><b>Konsekvensar for eksisterande næringsliv og aktivitetar</b></p> <p>Det er gjort vurderingar av lokaløkonomiske ringverknadar i den vedlagte Menonrapporten, dagsett 26.01.22.</p> <p><b>Gondolbane og reiseliv</b></p> <p>Utbyggjar har vurdert at det er ein marknad for gondol i Sula, og kommunen har også sett det som eit godt supplement til næringslivet.</p>
BO5 – 10.11.23 Bjørkhaugen Velforening	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Vi ønsker å melde bekymring i samband med RP. Utvidinga av Molværabrauta ser ut til å ta ein stor del av leikeplassen. Det er vanskeleg å sjå da kartet i Gislink ikkje er oppdatert, og vi berre kan sjå kartet som ligg ved saka. Ber om at det utgreiast om den gjenverande storleiken på leikeplassen vil vere i samsvar med gjeldande regelverk og krav.</li> <li>▪ Vi er også bekymra over trafikkforholda på Bjørkhaugen. Området har lite trafikksikring og manglar fortau. Dette er veger som brukast til skoleveg og ei auke i tungtrafikk vil medføre større fare for barna. Vi kan ikkje sjå at dette er vurdert i RP. Minner også på at det er om lag 10 år sia vi første gong meldte inn ønske om forbetring av vegen Legane. Utbetringa har vore vedteken for lenge sia, men ingenting skjer. Vi ber om at føresegnene legg til at ein forbetring av Molværabrauta og trafikktryggleiken der må utførast i samband med forbetring av Legane med bygging av fortau.</li> </ul>	<p><b>Utviking av Molværabrauta</b></p> <p>Som vist på utklippet under vil ikkje utviking av Molværabrauta og etablering av fortau påverke eksisterande leikeplass i nemneverdig grad.</p>  <p><b>Trafikkforhold Bjørkhaugen</b></p> <p>Det er regulert fortau langs Molværabrauta. Det er stilt krav om etablering av fortau langs Molværabrauta knytt før igangsettingsløyve for utbygging av gondolmaster og</p>

		mellomstasjon og toppstasjon. JF rekkefølgjekrav i § 5.5. i føresegnehene. I føresegnehene § 2.14 er det elles krav til trafikktrygging ved anleggsarbeid.
B06 – 09.11.23 Sula Rideklubb	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ På s.26 i plandokumenta blir det vist til at Vonløypa skal brukast som tilkomstveg frå Vasskummen. Dette stemmer ikkje. Det er ridestien tilhøyrande Sula Rideklubb som blir råka og skal nyttast, og derav «mister» vi mykje av ridestien.</li> <li>▪ På s.89 er dei ulike alternativa lista. Det kjem ikkje fram at alle alternativa vil føre til stor forringing av korleis Sula Rideklubb drifter tilbodet i Langevåg. Dette blei også kommentert ved førre høyringssvar.</li> <li>▪ I KU for friluftsliv (delområde 5, s.26) er området rundt stallen, anlegget til Sula Rideklubb, sett til å vere berre litt negativt påverka. Vi er sterkt ueinige i dette da konsekvensen for oss er enorm og potensielt kan medføre at vi ikkje kan drifta der lenger. Konsekvensen bør derfor vere sett til alvorleg eller betydeleg miljøskade.</li> <li>▪ På s.149 står det at det kan byggast ein enkelt, skjermande overbygg for å unngå at hestar ser gondolar over hovudet. Dette er ikkje ei god løysing da hestar kan reagere på å gå inn i eit skjermande overbygg. Vi meiner at dette ikkje betrar tryggleiken til våre ryttarar.</li> </ul> <p>Uavhengig av om ein er for eller mot gondolutbygging, handlar dette om å sikre vegen vidare for Vasset Frilufts- og idrettspark, Sula Rideklubb og fri ferdsel til fjells:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Allemannsretten er lovfesta i friluftslova.</li> <li>▪ Hestane handlar ikkje rasjonelt når dei blir skremd og kan få panikk. Dette kan føre til farlege situasjonar for hest, ryttar og turgåurar.</li> <li>▪ Dei fleste hestar kan ikkje forholde seg til støy/lyd, bevegelse, skuggekast osv.</li> <li>▪ Ridestien skal vere trygg å ri også for dei yngste ryttarane utan «påførte» faremoment.</li> </ul>	<p><b>Ridestien</b> Vi beklagar at det ikkje har kome tydelegare fram i plandokumenta at det er ridestien og ikkje Vonløypa som brukast som tilkomstveg frå Vasskummen.</p> <p><b>Alternativ</b> Det er korrekt at alle alternativa går over ridestien, og dermed vil påverke bruken av denne.</p> <p><b>KU friluftsliv delområde 5</b> Sjølvé ridehallen og bana ligg med god avstand frå gondolen, men det er korrekt at deler av ridestien blir påverka. Dette har betydning for rideaktiviteten, men gir neppe så stor miljøskade at drifta må leggast ned. Rideanlegget fungerte godt også før ridestien blei anlagt.</p> <p><b>Ridesti/overbygg</b> Overbygget i føresegnehene § 3.4.7 er ei løysing foreslått av rideklubben. Dette er teke inn som eit avbøtande tiltak, og ligg inne som ein moglegheit, men det er ikkje eit krav om å bygge dette dersom det skulle vise seg at det er ein lite egna løysing eller det ikkje er behov for det. Ved å legge inn overbygget som ei moglegheit har ein forsøkt å imøtekome innspel frå.</p> <p>Gondolen går 18-20 m over stiane, og masten vil ha eit føreseileg lydbilde med jamn støy og kontinuerleg, jamne passeringar av gondolvogner. Om hestane kan venne seg til dette er vanskeleg å sei, men det er ikkje snakk om plutselege lydar eller bevegelsar.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Ein tur i fri natur er avkopling og naudsynt rekreasjon for hestar. Dersom friluftsområdet vårt blir råka av gondolutbygginga er det ikkje eit alternativ å frakte hestane til ein annan plass for å ri.</li> <li>▪ Dersom gondolen kjem, vil ridestien avgrensast ved krysset på Harhaugen og ein kan ikkje ri vegen frå ridesenteret og vestover mot Remane. Ridestien har ein stor nytteverdi, og det vil derfor ha stor negativ påverknad på klubben om ridestien og moglegheita til å ri Remane/Molværabrauta opp til Vasskummen «mistast»</li> </ul> <p>Sula Rideklubb opprettheld rettigheitene til ridestien både før- og etter ei evt. gondolutbygging.</p> <p><b>Konklusjon</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ NEI til bruk av ridestien vår til anleggsveg og gondoltrase.</li> </ul>	
B07 – 10.11.23 Vonløypa	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Vi har tidlegare uttrykt bekymringa ang. anleggsvegen og servicevegen, særskild m.o.t. kombinasjon med turstiar og skiløypar. RP viser ikkje detaljert korleis ulike grupper av turgårarar og skiløparar skal dele vegen med motorisert trafikk. Vonløypa er brukt av mange, i alle aldre, og vi er framleis bekymra for korleis dette skal foregå.</li> <li>▪ Ei anna bekymring er mangelen på detaljar om ivaretaking av tilkomst til fjellet under anleggsfasen, særskild m.o.t. at den foreslårte tilkomsten ikkje ser ut til å vere tilrettelagd for alle brukargrupper. Stiane er bratte og ikkje ei god erstatning for Vonløypa. Vi kan ikkje sjå at denne konflikten er mogleg å løyse.</li> <li>▪ Den noverande bruken av området viser behovet for grundig planlegging for å sikre at ulike brukargrupper kan dele området trygt. Det er også viktig å ta omsyn til behovet til dei ulike brukargruppene.</li> <li>▪ Det er avgjerande at planlegginga tar omsyn til både vinter- og sommarbruk av området og at det innførast klare og brukarvenlege løysingar for ein trygg og god oppleveling av</li> </ul>	<p><b>Vonløypa anleggs- og driftsfase</b></p> <p>Ettersyn og service på gondol vil gå føre seg på sommarstid. Drift og vedlikehald krev tilgang til traversane på mastene med jamne mellomrom med ein syklus på 5 år. Utskifting av tyngre komponentar vil då skje ved hjelp av beltegåande utstyr eller helikopter.</p> <p>I anleggstida vil det bli gjort særskilde tiltak. I anleggsplanen skal tiltak fastsettast nærmere i dialog med rideklubben og representantar for Vonløypa. Jf. føresegns § 2.12. Det er krav om anleggsplan før oppstart av tiltak, jf. føresegner § 5.5. Planen skal dokumentere tiltak som sikring av omgjevnaden mot støy og andre ulemper i bygge- og anleggsfasen. Planen skal gjere greie for trafikkavvikling, massetransport, driftstid, trafikktryggleik for gåande og syklande, reinhald, støydemping og støyforhold.</p>

	<p>Vonløypa for alle. Det er også naudsynt med ein grundig vurdering av korleis den foreslalte vegen kan tilpassast behova til dei ulike brukargrupsene.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Slik vi ser det no er ikkje tiltaket foreinleg med bruken av Vonløypa.</li> </ul>	
B08 – 10.11.23 Ålesund Natur og Ungdom	<p><b>Høyringssvar fra Ålesund Natur og Ungdom</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Rev. RP har redusert omfanget av prosjektet, men vi meiner RP framleis er ein därleg plan i ein naturkrise der naturmangfald forsvinn fort.</li> <li>▪ Viser til KU for naturmangfald og fugl som viser at konsekvensen vil vere middels negativ. Gjennom naturavtalen til FN er Norge forplikta til å verne min. 30 % av all natur på land. FNs klimapanel fortel også at ein kan vere avhengig av å bevare 30-50 % av alle land- og vassområde for eit robust naturmangfald. Dei fortel også at naturmangfaldet aldri har vore så truga, og at endringar i arealbruk og menneskeleg rovdrift på naturen er dei største truslane.</li> <li>▪ Vi ønsker at naturen skal vere for alle og brukast til rekreasjon og friluftsliv. Sulafjellet er lett tilgjengeleg og GP vil ha middels til stor negativ konsekvens for friluftslivet. I tråd med FNs uttale må ein redusere trugslane, og GP vil truge naturmangfaldet og fuglelivet ytterlegare. Vi ønsker at friluftslivet, naturmangfaldet og fuglelivet på Sulafjellet skal bevarast og krev at GP aldri ser dagens ljós.</li> </ul>	<p>Moment som gjeld inngrep i natur, og negativ verknad for friluftsliv står at som hovudkonfliktpunkt. Statsforvaltar skal handtere og vurdere tiltak i strid med nasjonale mål, m.o.t om det kan aksepteras eller ei.</p> <p>Vi viser elles til merknadsvurderingane ovanfor med omsyn til verknad for natur og friluftsliv.</p>
B09 – 10.11.23 Langevåg Indremisjon	<p><b>Merknader til RP</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Endringa med løfting av gondolbana frå 11,2 m til 24,4 m har ei positiv innverknad på evt. framtidig utbygging av bedehuset i høgda.</li> <li>▪ Endringa med to mastar på bedehusets eigedom som tar areal frå bedehusets parkeringsplass vil påverke medlemmene negativt når det kjem til tilgjengelegheit og blir særleg problematisk ved større arrangement. Dersom</li> </ul>	<p><b>Økonomisk erstatning</b> Forhandlingar om økonomisk kompensasjon pågår mellom partane.</p> <p><b>Innsyn</b> Profilen til gondolbanen er basert på stor høgde over bygninga. Gondolane vil bevege seg raskt og ha frosting på</p>

	<p>RP blir vedteken fordrar ei slik løsing at grunneigar og FG einast om ein kompensasjon.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Fleire av bekymringane ytra ved førre høyringsrunde står ved lag. Ein er framleis bekymra for korleis visuell sjenanse og støy verkar inn på aktiviteten til Langevåg Indremisjon, sjølv om endringane i RP truleg minimerer dette noko. Særskild utandørsaktivitet vil påverkast av gondolen og trafikken og støyen den genererer.</li> <li>▪ Ein merkar seg at plankonsulent sin kommentar til Langevåg Indremisjon si bekymring for nedfall er at det ikkje er fare for dette. Erfaring frå tilsvarende prosjekter viser likevel at dette vanskeleg kan unngås, og vår bekymring står ved lag.</li> <li>▪ Langevåg Indremisjon vil gjenta sin sympati for buande langs GT.</li> </ul>	<p>gondolvindauga. Dette vil gjere at ein ikkje vil ha direkte innsyn på eigedommar i lengre tid, berre i korte augeblink.</p> <p><b>Støy</b> Støyutgreiinga er gjort i henhold til gjeldande regelverk. Jf. utgreiing utarbeidd av Norconsult, dagsett 30.06.23. Vurderinga tek utgangspunkt i endringar i støy frå vegtrafikk, støy frå gondolbanen (stasjonar og master), zip-line og tilhøyrande aktivitetar mot gjeldande regelverk og er visualisert med støysonekart.</p> <p><b>Nedfall</b> Slik skildra på s. 139 i planomtalen er type gondol i Sula vesentleg annleis enn den på Voss, der problemet med grease og nedfall også var ein "ekstraordinær" situasjon som ikkje vil gjelde for Sula-gondolen.</p> <p>M.o.t. nedfall av is, så vil ikkje dette vere ein problemstilling da ein vil hekte av gondolane etter driftstid og køyre kablane på natta. Dermed vil det ikkje dannast is på kablane.</p>
B10 – 10.11.23 Sula Jeger og Fiskerforening (Sula JFF)	<p><b>Høyringssvar til RP</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Sulafjellet er eit svært viktig og mye brukt friluftsområde som Sula JFF har arbeidet med i seks tiår. Sula JFF har ansvar for kultivering og forvalting av orrfugl og rypefugl på Sulafjellet.</li> </ul> <p><b>Bekymring 1: Spørsmåla er ikkje svart ut</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Vi er bekymra over konfliktane for friluftslivets interesser, inkl. jakt og fiske. Vi ønsker svar på korleis GP vil påverke jaktradisjonar og rettigheiter på Sulafjellet samt korleis jakta vil påverkast av auka turisme og om det vil oppstå konfliktar knytt til skyteaktiviteten på leirduebanen.</li> </ul> <p><b>Bekymring 2: Manglande omsyn til økonomiske konsekvensar</b></p>	<p><b>Friluftsliv</b> Det er ingenting i reguleringsplanen som tilseier at ein ikkje kan fortsette å jakte, fiske eller utøve dagens friluftsliv i området. Pga. auka ferdsel må ein naturleg nok utøve stor aktsemd ved jakt.</p> <p><b>Skyteaktivitet</b></p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>■ Vi ønsker å vite om gondolen vil påverke aktivitetar som Heimevernets bruk av skytefeltet ved Vasset. Skyteaktiviteten på leirduebanen utgjer økonomigrunnlaget for all anna aktivitet.</li> </ul> <p><b>Bekymring 3: Mangel på omsyn til allemannsretten</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Vi ønsker å vite korleis GP vil påverke moglegheita for oss og andre friluftsinteresserte til å utøve våre aktivitetar i fjellet.</li> <li>■ Vi er også bekymra for evt. ureining av Molværselva og konsekvensar for dyrelivet i vassdraget.</li> </ul> <p><b>Bekymring 4: Naturens premissar må ivaretakast</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Vårt prinsipp er å hauste- og nyttiggjere seg av naturen på naturens preisser. Korleis vil disse premissa ivaretakast gjennom anleggs- og driftsfasen?</li> </ul> <p><b>Bekymring 5: Mangel på omsyn til tidlegare bekymringar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>■ Våre tidlegare ytra bekymringar og spørsmål er ikkje teken omsyn til i RP. Kva er da hensikta med høyningsrundar?</li> <li>■ Vi oppfordrar tiltakshavar og kommunen til å utgreie og svare ut spørsmåla grundig og ivareta naturmangfold og friluftsinteresser i prosjektet.</li> </ul>	<p>Leirduebane og klekker i Vasset frilufts- og idrettspark blir ikkje berørt av planforslaget.</p> <p><b>Ureining Molværselva</b> Det er krav om bevaring av kantvegetasjon langs elva. Jf. føresegner § 4.6.3. Ved tiltak nær elva under stor vassføring, er det lagt inn krav om tiltak for å hindre nedslamming og ureining. Jf. førsegn § 2.12.</p> <p><b>Anleggs- og driftsfase</b> I driftsfasen kan ein halde fram med naturbaserte aktivitetar slik ein gjer i dag.</p> <p>Det er krav om utarbeiding av anleggsplan som skal godkjennast av kommunen og følgje søknad om igangsetjingsløyve. Jf. §§ 2.12. og 2.14. Anleggsplanen skal dokumentere tiltak som sikring av omgjevnaden mot støy og andre ulemper i bygge- og anleggsfasen. Planen skal gjere greie for trafikkavvikling, massetransport, driftstid, trafikktryggelseik for gåande og syklande, reinhald, støydemping og støyforhold. Anleggs- og byggefasonen vil vare i ca. 2 år. Transport av tyngre maskinelt utstyr og byggemateriale/ konstruksjonar gjennom bygda via Molværsvegen vil skje i ulike fasar og i avgrensa tidsrom. I byggeperioden, som vil ha ein varigheit på ca. 1 år, vil det vere meir kontinuerleg trafikk, men mykje av denne trafikken vil vere med mindre køyretøy. I samband med bygging av topp- og mellomstasjonen, samt ved montering av gondolmaster, vil det også bli nytta helikoptertransport.</p> <p><b>Medverknad</b> Kommunen og plankonsulent har etter beste evne svart ut merknader så langt det er mogleg, og alle er tatt på alvor. Det er lagt stor vekt på å informere og møte folk for å få fram</p>
--	---	---

		<p>synspunkt og bekymringar. Utbyggjar, plankonsulent og kommunen har lagt til rette og invitert til folkemøte, kontordagar, visualiseringsprosessar mm.</p> <p>Innspel i høyringsrundane har gitt nyttig informasjon og også ført til revidering av planforslaget. Medverknad i reguleringssaker betyr ikkje medbestemmelsesrett, men gir moglegheit til å påverke.</p>
--	--	--